



Kommunane i Møre og Romsdal

Prosjektskjønn 2013

Fylkesmannen ønskjer å invitere kommunane til å søkje om støtte til fornyings- og utviklingsarbeid.

Vi ber om at vårt nettbaserte søknadsskjema vert nytta til å søkje innan 1. april.

Fornyning og utvikling i kommunesektoren

Storsamfunnet er tent med ein effektiv og kvalitativt god offentleg sektor. For kommunane vil det vere å skape attraktive, trygge og berekraftige lokalsamfunn der oppsitjarane har gode vilkår gjennom alle fasane i livet. Fornyning og utvikling i kommunane vil alltid vere viktig i eit slikt perspektiv.

Skissa av den økonomiske framtida for kommunane er utfordrande. Varsla strammare nasjonal budsjettpolitikk, høgare forventningar frå innbyggjarane, auka pensjonskostnader, venta høgare rentenivå, folketalsvekst eller fråflytting og endringar i alderssamansetning er mellom anna utfordringar kommunane står inne i no. Det aukar behovet for omstilling og fornying om kommunane skal vere i stand til å produsere tenester til innbyggjarane i same omfang og til same kvalitet som før.

Dei siste fem åra under eitt har kommunane i fylket samla hatt det lågaste netto driftsresultatet i landet, målt i prosent av driftsinntektene. Gjeldsbøra er på eit høgare nivå, og veks furar, enn landsgjennomsnittet. Det indikerer for oss at kommunane her ikkje har eit mindre behov for omstilling enn i andre fylker. Behovet for omstilling og fornying vil heller vere sentralt og presserande for mange kommunar i åra framover.

Fylkesmannen held kvart år att ein del av den fylkesvise skjønnsramma for å stimulere til fornyings- og utviklingsarbeid i kommunane. Prosjekt som er av reell utviklingskarakter kan få støtte gjennom prosjektskjønnet. Døme på slike prosjekt kan vere utvikling av nye modellar eller arbeidsmetodar, pilotprosjekt eller andre prosjekt som går ut på nybrottsarbeid. Vi ønskjer å leggje til rette for at kommunane kan få gjennomføre gode prosjekt, og til skape gode arenaer for erfarings- og kunnskapsutveksling.

Retningslinjer og satsingsområder

I retningslinjene for skjønnsdelinga frå Kommunal- og regionaldepartementet går det fram at den overordna målsettinga med fornyings- og utviklingsarbeidet i kommunane er betre kvalitet i tenestene og/eller meir effektive tenester.

For 2013 ber departementet fylkesmannen om å vurdere følgjande:

1. Prosjekt som fokuserer på kvalitet i tenestene og korleis oppretthalde gode tenester også i framtida bør prioriterast.
2. Prosjekt som deltar i sentrale satsingar (til dømes Saman om ein betre kommune), dersom slik støtte kan gi ein meirverdi til kommunen sin deltaking.
3. Prosjekt som har samfunnsutvikling og/eller lokaldemokrati som tema.
4. Prosjekt for å betre eller implementere gode styringssystem, styrke eigenkontroll og/eller sette etikk på dagsordenen.
5. Fylkesmannen kan vurdere å støtte, i samråd med kommunane, å evaluere prosjekt kommunane har gjennomført, til dømes som grunnlag for erfaringsutveksling.

Departementet understreker at lokale forhold skal leggest vekt på i tildelinga av skjønnsstilskot. Fylkesmannen har på bakgrunn av lokale forhold funnet at prosjekt innan følgjande områder vere spesielt relevant å støtte i 2013.

Barn og unge

Fylkesmannen har lansert ei fireårig satsing på barn og unge med visjon om «betre oppvekst for alle barn og unge i Møre og Romsdal». Barn og unge er definert som alle innbyggjarar i alderen 0 til 20 år. Hovudmålet med satsinga er at barn og unge sine oppvekstvilkår skal vurderast i alle avgjerder og i all aktivitet hjå fylkesmannen. Det er definert fire mål som fylkesmannen skal arbeide for:

- Sikre barn og unge sin medverknad
- Betre det fysiske oppvekstmiljøet for barn og unge
- Betre det psykososiale oppvekstmiljøet for barn og unge
- Redusere negative konsekvensar av sosiale skilnader

Gjennom satsinga ønskjer fylkesmannen også å stimulere kommunane til utviklingsarbeid i tråd med måla definert over. Spesielt ønskjer vi prosjekt som har ein tydeleg profil retta mot barn og unge sin medverknad og deltaking. Det er ein styrke for søknaden om prosjektet er tverrfagleg/tverretatleg og om fleire kommunar går saman om prosjektet.

Miljøvern – Framande planteartar

Fylkesmannen registrerer at fleire framande, skadelege og svartelista planteartar spreier seg i kommunane. Dette kan endre landskap og skade naturmangfaldet. Artar som tromsøplame og kjempebjørnekjeks er også helseskadelege ved at dei har ei irriterande plantesaft.

Vi inviterer interesserte kommunar til å delta i prosjekt mot skadelege svartelista planteartar. Tiltaka kan vere kartlegging/registrering, førebygging mot vidare spreing og lokal utrydding. Det er ein føresetnad at prosjektet har overføringsverdi til andre kommunar, og

det er eigna for interkommunalt samarbeid. Vi vil prioritere artane kjempespringfrø, kjempebjørnekjeks og tromsøpalme ut frå avgrensa utbreiing og tilgjengelege verkemiddel.

Samfunnstryggleik og beredskap

Dei siste åra er det kome nytt regelverk og nye verktøy. Sivilbeskyttelseslova si lovfesting av kommunal beredskapsplikt og krisestøtteverktøyet CIM. DSB si kommuneundersøking og andre tilbakemeldinger viser at kommunane i fylket har eit godt stykke veg å gå før regelverkskrava er oppfylte og potensialet i CIM er utnytta. Det er særleg stort behov for innsats for å oppfylle sivilbeskyttelseslova § 14 sitt krav om heilskapleg ROS-analyse.

Etter ansvarsprinsippet må desse oppgåvene løysast i den einskilde kommune. Fylkesmannen trur likevel at prosjekt som legg til rette for samarbeid mellom fleire kommunar vil ha stor effekt. Ved tildelinga prioriterer vi derfor prosjekt som er direkte innretta mot krava i sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15 og som legg til rette for at fleire kommunar kan innfri krava. Bruk, integrasjon og utnytting av CIM er også eit vesentleg vurderingskriterium. Prosjekt som gjeld andre ekstraordinære beredskapsutfordringar blir også vurdert.

Spesialundervisning og læringsmiljø

Prosjekt med formål å betre kvaliteten på og auke elevane sitt utbytte av spesialundervisninga, mellom anna gjennom å vidareutvikle og kvalitetssikre arbeidet i PP-tenesta og samhandlinga med skuleeigar.

Prosjekt som har som formål å sikre å sikre elevane sin lovfesta rett til eit skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring, mellom anna gjennom å sikre god praksis på førebygging av uønska åtferd, og profesjonell og effektiv avdekking og handtering av krenkjande åtferd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme.

Velferdsteknologi innan omsorgstenesta

Eit av satsingsområda for projektskjønnet er velferdsteknologi innan omsorgstenestene. Dette har samband med at fylkesmennene i Midt-Norge har etablert ei felles regional satsing for utprøving av ulike velferdsteknologiske hjelpemiddel. Målet for satsinga er å gi auka eigenmeistring og tryggleik for tenestemottakarar og pårørande gjennom bruk av teknologi i omsorgstenestene. Fleire kommunar i dei tre fylka, Nord- og Sør-Trøndelag og Møre og Romsdal har sidan 2011 delteke i denne 3-årige satsinga med sine egne prosjekt for utprøving av ulike teknologier. Sjølv om 2013 er siste året for særskilt satsing på dette feltet, er vi framleis interessert i prosjekt som viser mellom anna korleis velferdsteknologi påverkar:

- auka tryggleik
- sosial deltaking
- den einskilde sin evne til å klare seg sjølv i kvardagen til tross for sjukdom, psykisk eller fysisk redusert funksjonsevne
- pårørande sin situasjon
- betre ressursutnytting og kvalitet på tenestene

Prosjekta kan gjerne vere samarbeidstiltak mellom fleire kommunar.

Utvida interkommunalt samarbeid versus kommunesamanslåing

Det er fleire kommunar i fylket som har søkt om støtte til å utgreie eventuell samanslåing. Departementet har presisert at det er berre departementet sjølv som skal gi støtte til utgreiing om samanslåing, og at våre skjønnsmidlar ikkje skal gå til dette. Kommunar som ønskjer å søkje om støtte til samanslåing sender søknaden til fylkesmannen, som sender den vidare til departementet.

Vi har dei siste åra støtta prosjekt som skal utgreie ulike samarbeidsformer mellom kommunar. For utgreiing om utvida samarbeid versus samanslåing mellom kommunar, kan det bli lagt opp til delt finansiering mellom departementet og fylkesmannen. Alle søknader som går ut på dette skal uansett gå via fylkesmannen for handsaming og uttale før den vert sendt departementet.

Vi vil i år vurdere nøye søknadar som går på utvida interkommunalt samarbeid mellom to eller fleire kommunar. Vi kan støtte slike prosjekt i utgreiings- eller etableringsfasen der kommunane har eit særleg behov for å få på plass interkommunalt samarbeid for å kunne yte kvalitativt betre tenester til innbyggjarane.

Avgrensingar

Prosjekt som går ut på næringsutvikling er ikkje omfatta av denne tilskotsordninga. Drift av ordinære interkommunale prosjekt, interne strukturelle omorganiseringar av varig karakter og tiltak knytt til ordinære drifts- og investeringsoppgåver er ikkje prioritert, og vil berre i særtilfelle få støtte gjennom prosjektskjønnet.

Kriterier og prosedyre for å søkje

Kommunane kan søkje fylkesmannen om skjønnsmidlar til fornyings- og utviklingsprosjekt. Vi oppmodar kommunane om å samarbeide om prosjekt, samt å arbeide tett med nettverk og regionar. Der fleire kommunar går saman om eit prosjekt, må éin kommune stå som hovudsøkker. Det er den kommunen som eventuelt får utbetalt tilskotet via rammeoverføringa, og som må syte for at tilskotet går til prosjektet. Kommunen som står som søker blir ansvarleg for gjennomføring og rapportering, samt eventuell formidling av resultat frå prosjekta. Om interkommunale selskap eller liknande ønskjer å søkje, må dei gjere avtale med éin kommune om å stå som søker.

Søknadene må ha forankring i kommuneleiinga for å engasjere alle nivå i kommunen, og for å sikre forankring og forplikting. Rådmann eller ordførar må ha godkjent prosjektet. Dersom kommunen søker om tilskot til fleire prosjekt, må vi ha ei intern prioritering av søknadane. Prioriteringslista må innehalde eventuelle interkommunale prosjekt som kommunen deltek i. Vi ber om at prioriteringslista vert sendt som vedlegg til ein søknad, eller separat som eige brev.

For å sikre kommunal forankring, er det krav om kommunal delfinansiering av prosjekta. Prosjekt med ein totalkostnad under 200 000 kr vil i utgangspunktet ikkje bli prioritert.

Prosjekt kan gå over fleire år, men det blir berre gitt tildeling for eit år om gangen. Det vil heller ikkje vere automatikk i at eit fleirårig prosjekt som får støtte det første året vil få støtte dei neste åra. For fleirårige prosjekt vil det bli rapportering før ny tildeling. Prosjekta må då dokumentere framdrifta høve til opphavleg søknad.

Prosjekt som får støtte vil få ein kontaktperson hjå fylkesmannen. Kontaktpersonen vil følgje opp prosjektet og halde seg orientert om utviklinga i prosjektet, samt fungere som eit bindeledd mellom fylkesmannen og prosjektet. Det kan vere aktuelt å arrangere samlingar, kurs eller konferansar knytt til satsingsområda. Prosjekta som deltek vert invitert for å høre om andre prosjekt sine erfaringar, og eventuelt dele egne erfaringar.

Prosjekta vil bli bedt om å rapportere skriftleg på sluttresultatet. Det er for å sikre kunnskapen og erfaringane som er generert i prosjekta, slik at dei lett kan overførast til andre kommunar. For fleirårige prosjekt kan det også vere rapporteringar under vegs i prosjektperioden.

Søknadsfristen for prosjektskjønn 2013 er 1. april 2013.

Vi ber om at vårt nettbaserte søknadsskjema vert nytta. Linken til skjemaet er;

<https://eskjema.fylkesmannen.no/more/wizard/wizard.jsp?wizardid=547>

Linken er tilgjengeleg frå nettstaden vår, under *Kommunal fornying*, saman med ein digital versjon av brevet her. Vi har også lagt ut ein mal som kommunen kan nytte internt som kladd før innsending av søknad.

Dei siste åra har det vore gjennomført mange fornyings- og utviklingsprosjekt i kommunane i Møre og Romsdal. Det er viktig å byggje på dei erfaringane som allereie er gjort i eigen eller andre kommunar når prosjekta blir planlagt. For å gjere det enklare for kommunane å få oversikt over kva andre har gjort, ligg det ei oversikt over prosjekt som har fått støtte i perioden 2002 til 2012 under *Kommunal fornying* på nettstaden vår.

Vi ventar også i år at vi får inn mange, gode søknadar. Det viser at kommunane i Møre og Romsdal legg stor vekt på utvikling, effektiv ressursbruk og kvalitet i sine tenester. Vi forventar difor at vi også i år må prioritere hardt mellom gode prosjekt, og at det er fleire av prosjekta som ikkje får støtte, grunna dei rammene vi har til prosjektskjønn.

Beste helsing

Lodve Solholm

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.